



Morgan Lyssand
KORSAVEGEN 34
5217 Hagavik

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/2362 - 22/22035

Saksbehandlar:
Roba Al Serhan
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:
16.03.2022

Fritak frå kravet om gjødselplan GBNR 241/4 Bjørge

Administrativt vedtak: Saknr: 299/22

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 16.03.2027 for GBNR 241/4, då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra , må det fremjast ny søknad.

Saka gjeld:

Føretaket Morgan Lyssand har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 241/4.

Drifta er 20 vinterfora sau som går ute heile året. Jordbruksarealet på bruket er 17,6 daa fulldyrka mark og 4,3 daa overflatedyrka mark. Driftsforma er utegangardrift og det vert difor lite oppsamla gjødsel.

Føretaket opplyser om at det vert nytta ca. 200 kg fullgjødsel 25-2-6 som vert spredt på slåttemark.

GDE til sau = 2,8 etter frådrag for beitetid blir 0

VURDERING:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstentivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (GDE), og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år.

Regelverk

Forskrift om gjødselplanlegging.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: « 22/2362 »

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Roba Al Serhan
Rådgevar Landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Morgan Lyssand

KORSAVEGEN 34

5217

Hagavik